



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 23.03.2017
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Nes menighetshus (kyrkjekontoret)

Til stades:

Anlaug Jorunn Bergan, Målfrid Nygård Laskemoen, Rune Nilsen, Lars Roe, Johannes Sand, Geir Valle.

Meldt forfall:

Jarl Olav Rugtveit, Anne Marie Etholm, Tora Skjerkholt Aarnes, Anne-Inger Lunner.

Saker

Sak 000006 Endring i møteplan

Det blei vedteke å framskunde siste møtet før sommaren til 1. juni, slik at prosten kan delta på det møtet. Dette blir også sommaravslutninga til soknerådet.

Sak 009/17 Årsregnskap 2016 - nytt vedtak

I januar gjorde soknerådet flg vedtak i sak 01/17: «Soknerådet godkjenner det framlagte regnskapet med eit meirforbruk (underskot) på **kr 116. 532,75**. Dette skal dekkast av soknerådet sitt disposisjonsfond.»

Av regnskapstekniske årsaker har revisor bedt soknerådet gjere eit nytt vedtak. Saka er at i 2015 hadde soknerådet mindreforbruk på kr **188.634,16**. I regnskapssaka for 2015 (sak 02/16) vedtok SR at dette skulle overførast til disposisjonsfond. Denne overføringa skulle da reint teknisk skje i regnskapsåret 2016. Men sidan det altså blei eit meirforbruk på regnskapet i 2016 så seier lover og forskrifter om årsregnskap i kommuner og fellesrad at budsjetterte avsetningar til fond skal vike til fordel for å dekke inn regnskaosmessig meirforbruk (den såkalla *strykningsregelen*).

Dette betyr at summen som kan avsettast til disposisjonsfond må reduserast med det regnskapsmessige meirforbruket i 2016. Dermed blir årsersultatet for 2016 kr 0, og avsetninga til fond blir da; kr 188.634,16-116. 532,75 = 72.101,42 kr.

Forslag til vedtak:

Regnskapet for 2016 går i 0 ved å redusere summen som skulle settast av til disposisjonsfond med kr 116.532,75. Avsetninga til disp. fond blir da kr 72.101,42.

Møtebehandling:

Vedtak:

Regnskapet for 2016 går i 0 ved å redusere summen som skulle settast av til disposisjonsfond med kr 116.532,75. Avsetninga til disp. fond blir da kr 72.101,42.



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sak 010/17 Val av styremedlemar til Ne menighetshus 2017

Det er soknerådet som skal velje styre til stiftinga Nes menighetshus (jfr 3 i vedtektene) Styret har 7 medlemmar og to varamedlemar. Funksjonstida for faste styremedl. Er to år, for vara eitt.

Minst eitt soknerådsmedlem skal sitje i styret, og desse sit i styret i dag:

1. Bjørn Holta (formann) – ikkje på val i år
2. Johannes Sand (soknerådets repr)
3. Åge Bjørnerud (kasserar) – ikkje på val
4. Sverre Blaasvær (brannansvarleg) – på val
5. Arne Aune (byggteknisk ansv) – på val
6. Gepke R. Post (vaskelisteansv.) – på val
7. Anders Kristian Rønning (prosjektansv) - ikkje på val

Vararepr. (alle på val i år).

8. Randi Slettebø (1. vara)
9. Birgit Brenne (2. vara)
10. Eie Bergan (3. vara)

Sverre Blaasvær har sagt seg villig til attval, medan Arne Aune og Gepke Post ynskjer å trekke seg. Dei to fyrste på varalista trekker seg medan Eie Bergan tek attval. Det må altså veljast to nye faste representantar og éin ny vararepr.

Børge Sverinsen har sagt seg villig til å gå inn i styret. I skrivande stund er det ikkje andre som har sagt ja, og soknerådet blir råda til å tenke på aktuelle kandidatar-

Forslag til vedtak:

Sverre Blaasvær, Børge Severinsen og NN blir valt som faste styrerepresentantar for Nes menighetshus. Eie Bergan og XY blir vararepresentantar.

Møtebehandling:

Vedtak:

Sverre Blaasvær, Børge Severinsen og Eie Bergan blir valt som faste styrerepresentantar for Nes menighetshus. Aud Berit Tangen og Målfrid Laskemoen blir vararepresentantar. Sokenrådet tilrår at vararepresentantane blir innkalla til styremøta.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen
kyrkjeverje